

NotatDato: 29.11.2016
Arkivsak: 2016/34594-1
Saksbehandlar: mernord

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

**Angående forvaltningsrevisjon av vedtaksoppfølging kunstnarbustad i Spania -
Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar**

Det vert vist til sak i kontrollutvalet den 20.10.2016 - Sak 116/16. I handlingsprogrammet stod punkt 6 att, som vart å følgja opp av Økonomi- og organisasjonsavdelinga.

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak:

Saksprotokoll i kontrollutvalet – 20.10.2016.**Handsaming i møtet**

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. *Kontrollutvalet registrerer at frist for å få gjennomført tiltak på punkt 6 i høve til forvaltningsrevisjon av kunstnarbustad i Spania, er utsett til november 2016.*
2. *På bakgrunn av dette ber kontrollutvalet om å få ny skriftlig status på dette punktet innan 01.12.2016.*

Det går fram av punkt 6 i vedtaket at:

«Utarbeide krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar».

For å oppfylle krav til dokumentasjon av habilitetsvurderingar, har Økonomi- og organisasjonsavdelinga utarbeid eit skjema for eigenerklæring om habilitet og ei kort orientering om korleis skjemaet skal brukast. Sjå vedlegg. Habilitetsskjemaet og orienteringa kan bli endra noko, reint grafisk. Føremålet med skjema for eigenerklæring om habilitet er å dokumentere krav til vurdering av habilitet. Dei involverte personane skal ta heilhetlege omsyn i sine vurderingar. Det er viktig at vurderingar av habilitet vert dokumentert for å unngå at det kan stillast spørsmål ved sakshandsamars uavhengighet og for å unngå tap av omdøme.

Med dette anser fylkesrådmannen punkt 6 i vedtaket for å vere oppfylt.

